



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Rune Johan Mikkelsen, 5557 2181

Vår dato
04.04.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/4377
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket 2018

Fylkesmannen har fordelt tilskot til *nærings og miljøtiltak i skogbruket* (NMSK) for 2018, jf. *Belastningsfullmakt 2018* frå Landbruksdirektoratet samt vedlagte brev dagsett 1. august 2017 og tabell over kontrollarbeidet utført i kommunane.

I tråd med *Regionale rammer for tilskuddsmidler innen skogbruk og jordbruk for 2018* er ramma 2 millionar kroner til Hordaland.

Bakgrunn for tildeling

Tildeling av dei statlege tilskotsmidlane til kommunane er underlagt instruksjonsretten hjå statsforvaltninga. Instruksjonsmynda er delegert frå Landbruks- og matdepartementet til Landbruksdirektoratet og fylkesmennene. Avgjersler i medhald denne instruksjonsmynda er ikkje enkeltvedtak, jf. forvaltingslova § 2, og kan ikkje påklagast. Fordelinga mellom kommunane skjer på grunnlag av historisk avverka areal og planlagd skogkulturaktivitet. Vidare har Fylkesmannen kvart år – før sesongstart, tradisjon for eit dialogmøte med Vestskog SA og Nortømmer AS, der vi drøftar tilskotsbehov for komande sesong. Fylkesmannen har tildelt midlar til dei kommunane som utførte pliktig kontrollarbeid i 2017 og som har gjeldande retningsliner, jf. vårt brev dagsett 1. august 2017.

Oversyn over tildelte midlar finn ein i *Økonomisystemet for Skogordningene (ØKS)* under «Vedlikehold» og «Budsjettmidler».

Tilskotssatsar

Satsane for tilskot vert fastsett av kommunane og elektronisk registrert i ØKS. Kommunane er pliktig å ha gjeldande retningsliner for bruk av NMSK midlane. Tilskot til skogkultur har tidlegare år vore på over 60 % i Hordaland. I Noreg (inklusive Vestlandet) har tilskot til skogkultur i gjennomsnitt vore på 16 %. I dei tradisjonelle «skogfylka» i Noreg med hogstaktivitet, vert det ikkje gjeve tilskot *til planting etter hogst*. Finansiering av planting etter hogst skjer med bruk av avsett skogfond. Bruk av skogfond er ei særst gunstig ordning for skogeigarane. Årsaka til historisk særst høge %-satsar på Vestlandet har samanheng med skogreisningstida og skogeigarane ikkje hadde skogfond. I dag vert skogen hogd likeins andre område av Noreg og skogeigarane sett av skogfond til investeringstiltak på eigedomane.

Årleg auka hogstareal og uendra budsjetttramme dei siste åra har medført at Fylkesmannen sidan 2014 har tilrådd kommunane å redusere %-satsane. Mest tilskot vert utbetalt til *plantning*

etter hogst, og særst få midlar til andre tiltak. Difor har %-satsen til planting etter hogst vore avgjerande for bruken av midlane. Dei fleste kommunane har i dag tilskotssats 30 % for planting etter hogst. I dei neste åra ventar ein årleg auke i hogstareal og skogkulturaktivitet. Ein ventar ikkje politisk vilje til auka ramme for NMSK tilskot i Noreg. Fylkesmannen vurderer at kommunane på sikt må vere førebudd på ytterlegare reduksjon i tilskot til *planting etter hogst* og heller prioritere tilskot til ungsogpleie.

Kommunane må fastsette %-satsar og halde seg innanfor tildelt ramme. **Vi oppmodar kommunane til å prioritere tilskot til ungsogpleie.**

Tilskot til tettare planting

Fylkesmannen minner kommunane om den statlege tilskotsordninga for tettare planting. Ved nyplanting vert det gjeve 80 % tilskot for kostnaden av inntil 50 planter / daa, sjå tabell nedanfor. Ved registrering av refusjonskrav i ØKS er det viktig at kommunane nyttar «800-kodane» ved plantetal over minimum pr. daa.

Bonitet	Minimum plantetall pr. dekar	Intervall for plantetall som utløser tilskudd (inntil 50 planter/daa etter oppfylt minimumskrav)
26	220	220- 270
23	220	220- 270
20	200	200- 250
17	180	180- 230
14	160	160- 210
11	130	130- 180
8	100	100-150

Ved suppleringsplanting vert det gjeve 60 % tilskot for kostnaden av inntil 50 planter / daa med krav om at plantetalet etter suppleringsplanting tilfredsstillar det fastsette minimumstal pr. daa, sjå tabell nedanfor.

Bonitet	Minimum plantetall pr. dekar etter suppleringsplanting
26	220
23	220
20	200
17	180
14	160
11	130
8	100

Ungskogpleie

Statistikken syner ein reduksjon i ungskogpleie dei siste 10 åra. I 2017 vart om lag 300 daa med ungskogpleie utført i heile Hordaland. For 10 år sida vart om lag 1 000 - 2 000 daa avstandsregulert. Ungskogpleie er ei sær god langsiktig investering for tilvekst, kvalitet og stabilitet. **Fylkesmannen oppmodar kommunane i 2018 om meir oppsøkjande verksemd hjå skogeigarane for auka ungskogpleie.** Kommunane kan enkelt hente rapportar frå ØKS over skogeigarar med potensielt behov for ungskogpleie på eigedomen. Dei aktuelle skogeigarane kan kontaktast for skogfagleg rådgjeving om skjøtsel på eigedomen.

Skogfond

Skogfondordninga i Hordaland har i dag ca. 43 millionar kroner inneståande. Skogfond er ein viktig finansieringskjelde for blant anna skogkultur. Ordninga med skaffefordel er sær lønsam for skogeigaren og bør nyttast i større grad. I samband med planlegging av hogst vil det framover vere sær viktig å **avsetje tilstrekkeleg skogfond**. Lågaste sats (4 %) vil ikkje vere nok til å finansiere framtidig skogkulturbehov. Truleg er minst 10-15 % avsett skogfond naudsynt.

Fylkesmannen vil nok ein gong oppmode kommunane og tømmerkjøparane om å rettleie skogeigarane til å sette av skogfond i tråd med framtidig investeringsbehov.

Kommunale retningsliner NMSK

Jf. forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 3 skal kommunane ha gjeldande retningsliner for prioritering av søknader om NMSK-tilskot. Slike retningsliner skal utarbeidast i dialog mellom Fylkesmannen og næringsorganisasjonane i skogbruket lokalt. Fylkesmannen har retningsliner for tilskot til bygging av skogsveggar og drift med taubane.

Fylkesmannen ber om kopi av gjeldande retningsliner og tilskotssatsar før utbetaling av tilskot.

Med helsing

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Rune Johan Mikkelsen
fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

- Kopi av brev dagsett 1. august 2017 til alle kommunane
- Tabell over kontrollarbeidet i kommunane 2017